



Notat

Dato: 21.06.2016
Arkivsak: 2014/23249-7
Saksbehandlar: anifjel

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Anita Fjellheim

Revisjon av fylkeskommunen sine etiske retningslinjer

I møteprotokollen etter fylkestinget sitt møte 14. og 15. juni 2016 er under PS 63/16 teke inn følgjande

«**Terje Kollbotn (R)** sette på vegner av R og V fram slikt forslag (b):

«Kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner har oppmoda kommunestyra og fylkestinga i landet om å starte diskusjonen om korleis dei politiske organa kan medverke til å styrke dei tilsette sin ytringsfridom (jfr. RS 13/2016). I denne samanhengen blir det og vist til Sivilombodsmannen si fråsegn datert 22.12.15.

Hordaland fylkesting er positiv til dette initiativet, og går inn for at dette blir eiga sak på neste fylkestingsmøte i Hordaland, herunder ein revisjon av fylkeskommunen sine etiske retningslinjer.

Eit innspel som og kan vurderast i denne samanhengen, er etablering av eit uavhengig fylkeskommunalt, evt. nasjonalt varslarombod.»

Forslaget vart behandla på slutten av tingsetet.

Det var 56 representantar til stades.

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget og vedtok deretter samrøystes forslaget.»

